

Notat til Norsk viseforum 1997

Allmennsong

Velle Espeland

Allmennsongen står til profesjonell song som dagleg mosjon til stjerneidrett. Med allmennsong meiner vi først og fremst song som ikkje rettar seg mot eit publikum. Slik song er viktig for humøret og helsa. Dessutan skaper songen identitet. Men trass i at allmennsongen er eit viktig kulturfenomen har den vore heilt usynleg både kulturpolitisk og i forskning. Dette betyr at berre få har tenkt på kva allmennsong inneber, og vi manglar ord, definisjonar og begrep som kan uttrykkje område og funksjonar innan denne songen. Når ein skal starte ein diskusjon om kva som kan gjerast for å støtte denne songen, er det dermed stor fare for å snakke forbi kvarandre. Nokre få nordiske og tyske forskarar har interessert seg for allmennsong. I deira vitenskaplege produksjon finst det begrep og tankar som kan vere nyttige i den diskusjonen vi skal ha.

Allmennsongen er introvert, retta mot opplevinga til den som syng, men han kan likevel vere organisert i form av allsong. Allmennsong og profesjonell song er to ulike fenomen, som ikkje utan vidare influerer kvarandre. Det er grunn til å tru at allmennsongen er vorte svekkja den siste tida.

Nokre grensedragingar.

Introvert - presentativ.

Songen er den aller vanlegaste forma for musikkutøving. Song krev ingen instrument og inga førebuing. Dersom ein ikkje har estetiske ambisjonar men lar songen få vere mål i seg sjølv så trengst det heller inga opplæring. Det er nok å ha hørsel og stemme. Song treng ikkje eingong å høyrast. Det går an å ha glede av song som ein berre nynnar inni seg. Dette betyr at nesten alle situasjonar kan vere songsituasjonar. Sjølv på ein arbeidsplass der bråket er øredøvande, kan ein syngje for seg sjølv.

Vi kan dra ei grense mellom allmennsong og profesjonell song. Med profesjonell song meiner eg all song som er presentativ, det vil seie at han rettar seg mot eit publikum. Allmennsongen derimot rettar seg innover mot songaren. Synginga er i seg sjølv mål og meining. Eg legg altså ikkje vekt på om songaren får betalt for songen eller ei. Dette at han stig fram for eit publikum, og dermed legg estetiske mål på songen, er det vesentlege. Det er først når songen vert presentativ at estetikk vert viktig og repertoar vert utvikla. Ein dusjsongar kan gjerne ha sitt eige faste repertoar, men det er vanskeleg å gje dette begrepet meining innan allmennsongen. Når ein syng i dusjen kan ein gjerne syngje songar ein ikkje kan, eller til og med strofer som berre har festa seg i hovudet og som ein gjerne vil bli kvitt.

Profesjonelle songarar bruker også mykje av si tid til å øve utan at nokon høyrer på. Men denne songen er likevel tenkt mot eit publikum. Siktemålet er å skape eit lydbilde som kan presenterast for publikum. Vi kan nok kalle denne songen for kvardagsong, men allmennsong er det ikkje. Det er også praktiske grunnar til å halde denne øvingsongen utanfor. Dersom eit tiltak for å styrke allmennsongen berre fekk dei profesjonelle til å syngje meir på fritida, så var det ikkje vellykka.

Privatsong - gruppesong.

Mesteparten av allmennsungen er individuell, men allsong er også song for songen si eige skuld. Og fordi om det kjem inn ein forsongar i ei allsonggruppe eller på eit lagsmøte så vert ikkje songen dermed presentativ eller retta mot eit publikum. Dette gjeld også salmesong i kyrkja. Salmesongen er del av ei religiøs oppleving og såleis retta mot kvar enkelt. Den enkelte kan rett nok velje å ikkje syngje, han eller ho kan også velje å sjå på seg sjølv som publikum, men han vert ikkje dermed publikum. Han vert berre ikkje-songar. Det må vere haldninga til dei som syng som er avgjerande.

Også i gruppesongen kan vi tenkje oss ein glidande overgang frå den frie, kanskje kakofoniske allsongen til ein profesjonell korsong retta mot eit kresent publikum. For mange av dei som syng i kor er sikkert songen i seg sjølv, gruppekjensla og det sosiale rundt songen grunn god nok. Karakteristisk for korsong er likevel at det vert lagt vekt på lydbildet. Den uttalte målsettinga er ofte å bli eit godt kor og presentere songen for eit publikum. Allsong har ein sterk gruppeskapande funksjon. Å syngje saman skaper raskt samkjensle, og det er ei effekt som både foreiningar, lag og festlege samkomer har visst å utnytte. Den store mengda med ulike foreining- og lagsongbøker fortel oss det.

Ei ganske spesiell form for allsong er festsongen. Til jubileum og festar av ulike slag vert det gjerne dikta eingongsongar som vert framført ved festbordet. Dette er songar som gjerne vert nedvurdert på grunn av elendig litterær kvalitet, men likevel lever denne tradisjonen godt. Ofte er det nettopp dei tekstene som går spesielt dårleg på melodien, som vert hugsa og referert. Det spørst om ikkje den litterære kvaliteten er noko heilt irrelevant for denne songen, og det viktige er å skape gruppekjensle og feststemning.

Spontan - organisert.

Mesteparten av allmennsungen er spontan, uorganisert og uplanlagt. Men vi kan merke oss at allsong også kan vere planlagt, song i lagsmøte er ofte planlagt og at salmesongen i kyrkja alltid er førebudd. I god tid i førevegen er det bestemt kva salmar og til og med kva strofer av kvar salme ein skal syngje. Men det betyr likevel ikkje at songen vert presentativ eller profesjonell.

I musikktimeane på skolen kan ein nok øve på presentativ song, men mesteparten av skolesongen, songen om morgonen og ved opninga av kvar time, er song for si eiga skuld.

Allmennsongens verdi.

Song har naturlegvis ein eigenverdi uavhengig av om det kling vakkert. I vår tid har det vorte så vanleg å vurdere songprestasjonar estetisk at vi nesten har gløymt at det å syngje er verdifullt i seg sjølv. Eit høyrverdig lydbilde er vorte nesten einaste aksepterte mål for songaktivitet. Men det er godt å syngje og det er sunt å syngje. Song er ei avstressande pusteving som betrar humøret. Musikkterapi er eit område der songen får lov til å ha andre verdinormer enn det estetiske.

Naturlegvis er det ei estetisk og kulturell oppleving av stor verdi å høyre god profesjonell song. Men eigensongen er noko anna. Og innlevinga i songen kan aldri bli så sterk som når ein syng sjølv. Til og med banale viser kan røre meg djupt når eg sjølv syng, trass i at dei same visene ville gjere meg litt brydd dersom eg opplevde dei som publikum.

Songgleda er ikkje avhengig av at ein syng vakkert. Ofte kan ein sjå djup og ekte songgleda hos folk som knapt kan syngje ein tone reint.

Song og musikkpreferansar er viktige ved skaping av identitet. Vi kan også hugse på at skolesongbøkene i mesteparten av dette hundreåret har vore ein viktig reiskap for å skape nasjonal og lokal identitet.

Grunnfjellet i norsk song.

Dei aller fleste av oss som har gått i norsk folkeskole før 1965 har eit felles grunnrepertoar. Vi kan syngje i alle fall eit vers av Kjerringa med staven, Pål sine høner, Per spelmann, No livnar det i lundar, Millom bakkar og berg og så vidare. Kimen til dette songrepertoaret vart etablert alt i Ole Vigs songbok frå 1854 og det vart konsolidert og vidareutvikla i Alvestad og Mats Bergs skolesongbøker. Det å ha eit slik grunnrepertoar har mange praktiske fordelar. Det betyr at dersom ein kjem i ein situasjon der allsong kunne vere ein god ide, så går det greitt an å finne ein song alle kan. Nå kan vi naturlegvis ikkje vente at eit songrepertoar skal stå som fjell til alle tider. Smaken forandrar seg. Til og med julesongane vert etter kvart skifta ut. Men det er ei føremon at det finst eit repertoar såpass uavhengig av mote og pop at det kan foreina folk i ulike aldrar.

I fleire år har eg arrangert allsongkveldar for dei studentane som har følgd forelesingane mine i visetradisjon og viseforskning. Og det har slutta å bekymre meg at ungdomen ikkje kan Pål sine høner eller Kjerringa med staven. Det som er bekymringsfullt er at det er vorte så vanskeleg å finne ein einaste song som kan få alle til å syngje med.

I løpet av 1960 åra forsvann "Song" frå timeplanane i folkeskolen og vart erstatta av "Musikk". Det er mange positive ting å seie om denne overgangen, men det svekkja songen i skolen. Og utan skolesongen er det berre dei mest utbreidde barnehagesongane som kan danne fellesrepertoar.

Står allmennsungen svakare enn før?

Allmennsungen er ein privat kulturaktivitet som er lite synleg. Og sidan vi ikkje har gjort undersøkingar om allmennsungen kår er det vanskeleg å vite om denne songen har vorte svekkja eller det berre er kvar einskild av oss som sit med eit inntrykk av at songen har stilna. Kanskje fordi vi song meir som barn.

Men vi kan i alle fall peike på at ein del songsituasjonar har vorte borte. Arbeidsongen er ein slik situasjon. Tidlegare vart song brukt for å halde takta i rytmisk arbeid, rallarviser til mineboring, sjantiar til seglheising og gangspill. Her har teknikken gjort songen gagnlaus. Da kabelstrekkingssongen forsvant i byane på 70-talet døydde arbeidstaktsongen ut. Eg trur også det er rett å seie at salmesongen i kyrkja er vorte svakare.

Voggesongen er ein spesielt privat og usynleg song. Også denne songen vert rekna som døyande, men mitt inntrykk er at den er ganske levande. Når spedbarn har problem med å sovne så oppdagar foreldre før eller seinare at song kan vere ein måte å roe og sveve barnet på. At mange av dei gamle voggevisene har gått til scenen som vokal folkemusikk og har forsvunne frå sengekanten spelar inga rolle. Det er sjølve bruken av song for å få små barn i søvn som er kjernen i denne tradisjonen

Terskelen for å syngje når andre kan høyre det er i alle fall vorte høgare. Det er sikkert mange grunnar til det, men eg vil tru det også heng saman med at avstanden mellom den musikken vi høyrer rundt oss til dagleg frå plater, kassetar og radio til det vi sjøl kan prestere er vorte større. Vi kan ikkje syngje noko som liknar på desse studioprodukta. Det er jo også eit faktum at stadig fleir populære grupper reiser rundt på konsertar og mimer til playback. Dei tek ikkje sjansen på at dei kan gjenskape noko som er bra nok utanfor studio. Og derfor vert det også meiningslaust å lage handskrivne slagerbøker av det slaget som unge jenter laga til for ca. 25 år sida. Dagens slagerar kan ikkje syngjast, dei kan berre høyrast.

Paradokset Sputnik.

Knut Storbukås sel kassetar som hakka møkk, men likevel er det nesten umogleg å finne nokon som kan forklare kvifor han appellerer. Her har vi ei form for musikkpreferanse som det ikkje har vore sett ord på. Det einaste svar eg har fått er frå ein langtransportsjåfør som sa at Sputnik var god å syngje til. Kanskje dette er nøkkelen. Sputniks melodiar er svært forutsigbare. Alt ved andre avspeling går det an å syngje med. Framføringa er ikkje meir avansert enn det ein kan klare sjølv og duren frå motoren pakkar songen inn slik at ein ikkje får noko kjensle av at andre kan høyre på og gjere narr. Nyskaping og originalitet er ikkje positive eigenskapar ved eit fonogram som skal brukast på denne måten. I motsetning til velforma studioproduksjonar gjev Sputnik høve til å syngje med.

Kva kan gjerast og kva blir gjort?

I dette avsnittet har eg ikkje mykje å bidra med. Eg vil berre presentere nokre lause tankar eg har gjort meg.

Den individuelle allmennsongen er så privat at det er vanskeleg å tenkje seg støttetiltak. Denne songen kan ikkje organiserast eller strukturast. Likevel kan tilhøva leggjast betre til rette for denne songen. For det første kan det vere nyttig å få denne songen fram i lyset, snakke om han og understreke det positive ved allmennsong. Å syngje når ein rusler langs ein veg eller ei gate treng ikkje bety at ein er full, eller har dårleg moral. Det er anstendig å syngje også for dei som ikkje har øvd seg på å syngje vakkert. Eg ser institusjonar som Norsk visearkiv som ei støtte til allmennsongen. Ein stor del av våre arkivbrukarar er uorganiserte kvardagsongarar.

Tiltak retta mot barn er svært viktig sidan barna ikkje har utvikla desse fordommane mot å syngje. Songtiltak i barnehagen, skolen og skolefritidsordninga er viktig. "Sang ved livets begynnelse" er ein aksjon som arbeider for song for spedbarn.

Aldri tidlegare har det vore mogleg å høyre song av så mange typar og av så høg kvalitet i kvardagen. Stadig betre studioteknikk og avspelingsutstyr har gjort musikken til noko som følgjer oss over alt. Men samstundes har altså allmennsongen stilna. Like lite som stjerneidretten fremjar dagleg mosjon, fremjar den profesjonelle songen allmennsongen. Og vi treng båe delar. Utan allmennsongen får vi ein fattigare kultur.